



Telemark-rocken rungar på Dønhaug-låven laurdag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dønhaug Gjestegard fekk ein feiande sesongslutt laurdag – med seks rotekte telemarkingar i hovudrolla. Grappa E 76 kjem ikkje med hermetikk, alt er sjølvskrive både med omsyn til tekstar og melodiar. Stoffet er gjerne sjølvopplevd eller henta frå lokalmiljøet som karane kjem i frå. Mykje god og folkeleg humor er innbakt i tekstane.

Det møtte 300 som runda av sesongen og det var Magne Huglen svært fornøgd med. Og publikums dom var klar: Dette var flott, fengjande dansemusikk.

Med i E 76 er Edmund Loftsgarden (song og sologitar), Georg Hagen (song og gitar), Nils Ole Lien (mandolin, gitar og song), Oddmund Vågslid (trommer), Bjørn Edmund Fosstveit (bass) og Oddbjørn Aase (song, keyboard og trekkspill).

Dette har vore ein klart betre Dønhaug-sesong enn fjoråret, som var ein klar nedtur samanlikna med den svært gode 2006-sesongen. Difor ser nok låvedansbonden, hvis vi kjenner han rett, fram til neste år med optimisme. Den spesielle satsinga hans, som saknar sidestykkje på Vestlandet, vekker oppsikt i vide kretsar. Såleis har også TV Haugaland no laga eit innslag om låvedansbonden i Uskedalen.

Dei seks contryartistane/rockarane som boltra seg på låven denne gongen og som også var her i 2006 kjem faktisk frå fem kommunar: Vinje, Tokke, Seljord, Bø og Sauherad. Og faktisk er berre ein av dei, Oddbjørn Aase, profesjonell musikar og han er ansatt i musikkskulen i kommunen. Dei andre er geit-/sauebonde, snikkar, vaktmeister og lærar, men dei slår fast for uskedalen.no at dei ikkje har noko problem med korkje samspelet eller at dei bur så spreidd.

Akkurat no jobbar dei intenst med ein ny CD som skal innehalda 12 låter og der Edmund Loftsgarden har skreve halvparten og Georg Hagen den andre halvparten. Plata kjem i november eller desember.

Ser ein sesongen under eitt har den vore god for 'Sommarbygda Uskedalen' og då tenkjer vi slett ikkje berre på Dønhaug.

Gjenopninga av Vertshuset var også ei svært gledeleg hending og det er klart at dei to stadane kan utfylla og berika kvarandre.

Men då er det viktig med ei god langtidsplanleggjing, slik at ein i størst mogeleg grad unngår "stemnekollisjonar". Det har ein ikkje gjort i år.

Av Ola Matti Mathisen



"God, fengjande dansemusikk" var publikum sin dom om E 76. (Foto: Ola Matti Mathisen)